

# Referat frå styremøte



**Sted:** Kjellarstova Dølehalli  
**Tid:** Onsdag 13. juni 2018 Kl.: 19:00 – 20:30  
**Til stede:** Geir Notodden, leiar  
Aksel Andersen, medlem  
Björg Nordlien, medlem  
Kåre Slåtta, medlem

**Fråvær:** Hege Bjåland meldte fråvær før møtet. Vararepresentant møtte ikkje

**Kopi til:** Astrid Åmot, varamedlem  
Terje Nilsen Haugen, varamedlem  
Nunnun Gjersund, varamedlem  
Ottar Gjersund, varamedlem

*Varamedlemmer blir innkalla til alle styremøte og mottar alle referata. Desse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når de stiller for en namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at en av varamedlemmene møter i ditt namn.*

## Sak 1/18 **Regnskap**

Leiar presentert kort oversikt over fakturerte leigeinntekter, vassforbruk og straumforbruk.

Behandling:

Morgedal idrottslag har overført Dølehallis del av inntekter for utført arbeid på Dyrsku'n 2017. Styret ser med bekymring på manglande inntekter. Styret meiner at det er høveleg med ei lita justering av leiga for dei ulike delane av bygget.

Konklusjon:

Me gjer ei mindre justering på utleige prisar.  
Leige kjellar aukast frå kr 400 til kr 500 (25%)  
Leige kjøkken aukast frå kr 350 til kr 500 (42%)  
Leige peiskrok aukast frå kr 300 til kr 400 (33%)

Handling:

**Geir** endrar prislista på Dølehalli si heimeside.

## Sak 2/18 **Budsjett 2018**

Det er ynskjeleg med eit budsjett som styringsverktøy.

Behandling:

Saka vart ikkje behandla av di rekneskapsførar ikkje var til stades.

## Sak 3/18 **Opprydding på eigendommen og reingjering.**

Kort orientering om utført arbeid på dugnaden.

Kva gjer me for å få betre oppslutning neste år.

Behandling:

Styret tok orienteringa til etterretning.

Konklusjon:

Neste år må det informerast betre på førehand og kombinerast med dugnaden som gjennomførast av trivselslaget i bygda.

## Sak 4/18 **Skolebygget**

Vedlikehald, utbetring, utleie.

Kva må gjærast for at dette bygget kan gi oss inntekter?

Behandling:

Aksel har tatt et spesielt ansvar for denne saka og meiner at om vi skal leige ut denne delen av bygget så må fukt- og sopp-problemet løysast fyrst.

Konklusjon:

Me søker å samordne graving rundt bygget med anna føreståande graving på tomta.

Handling:

**Geir** tar kontakt med Bjørn Haugerud om graving rundt bygget, sidan han har lova å

bidra med detta tidlegare.

**Geir** tek kontakt med naboen konns for å avklara behov for graving i forbindelse med innlegging av vatn.

#### **Sak 7/18**

##### **Vasstilkobling**

Orientering om naboens vasstilkobling og kva det har å seia for Dølehalli.

Behandling:

Styret tok ein kort befarig på tomta og tok leiars orientering til etterretning. Styret ser gjerne at det leggast ein kum med stoppekraner slik at det ikkje blir fleir uppstikk på tomta. Styret presisera at dette bør føregå samstundes som den andre gravinga utførast.

Konklusjon:

Me tek kostnadene ved å få ei eige stoppekran plassera i kum på utsida av bygget. Dei øvrige kostnader må dekkast av naboen.

Handling:

**Geir** koordinerar røyrleggar, nabo og Bjørn Haugerud for om mogleg få til den beste løysinga for alle.

#### **Sak 8/18**

##### **Setningsskade i dusjanlegg.**

Orientering om saka og konsekvensar.

Behandling:

Styret tok ein kort befarig i dusjanleggets omkleddingsrom for herrar. Kunne konstatere at flisane hadde løsna frå golvet.

Konklusjon:

Geir, Aksel og Aslak Slette-meås samt resten av styret har sett på saka utan å kunne finne ein årsak.

Handling:

**Geir** følgjer opp saka med forsikringsselskapet og oppdaterar styret om framdrifta.

***Neste møte er fastsett til onsdag 29. august 2018 Kl 19:00***

*Møt godt forberedt slik at vi ikkje går over den fastsette tida.*

*Helsing Geir*